

Hyllestad Vekst har gitt resultat, no visar rapporten vegen vidare

Kommunestyret fekk torsdag 20. juni ei orientering om sluttrapporten for prosjektet Hyllestad Vekst og omstilling. Prosjektet vart starta som følgje av nedgang i folketal og arbeidsplassar, eit einseitig næringsliv og behov for å styrkje attraktivitet og utviklingsevne i kommunen. Prosjektleiaren Arlen Solheim oppsummerte erfaringar og hovudfunn frå prosjektperioden 2023-2026, og markerte avslutninga på den siste fasen i prosjektet. Desse funna legg grunnlaget for det vidare arbeidet med omstilling og utvikling, mellom anna gjennom prosjektet Bygg og bu i Hyllestad, som skal styrkje bustadutvikling, integrering og tilflytting.



Vekst og omstilling i tre fasar

Prosjektet utgjer tredje fase i ein tre-trinns plan for omstilling og utvikling i Hyllestad. Første fase handterte den akutte situasjonen etter varsla nedbemanning ved Havyard Leirvik AS i 2020, og omfatta kartlegging av kommune, næringsliv og lokalsamfunn. I fase to vart tiltaka vidareutvikla og utvida. Tredje fase byggjer på desse erfaringane, med vekt på samarbeid, kommunikasjon og tiltak for rekruttering og auka bu-attraktivitet.

Den økonomiske ramma for prosjektet har vore på 7,7 millionar kroner, der 5 millionar er finansierte gjennom offentleg støtte. Prosjektet vart avslutta med eit mindre underskot på om lag 73 000 kroner. Hyllestad kommune, ved kommunedirektør Gjermund Flage, har vore prosjekteigar, medan Arlen Solheim, i samarbeid med Klar Bedrift AS, har hatt rolla som prosjektleiaren.

Mål og deltaking og resultat

Målet med prosjektet har vore å styrkje næringsgrunnlaget, sikre eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nye, med berekraft som drivkraft. Samstundes har kommunen arbeidd for å auke tilflytting, redusere fråflytting og styrkje gjennomføringsevna, i tett samarbeid med næringsliv, frivilligheit og innbyggjarar.

Prosjektet har hatt brei deltaking frå kommuneorganisasjonen, næringsaktørar og frivillig sektor. Gjennom spørjeundersøkingar, workshopar, bedriftsbesøk og møte med frivilligheita er det utvikla eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid.

Frå samarbeid til tiltak, slik har prosjektet styrka Hyllestad

Sluttrapporten peikar på styrka samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivilligheit, og etablering av strukturar for vidare utviklingsarbeid. Samstundes blir det understreka at omstilling krev langsiktig oppfølging.

Prosjektet har ført til fleire konkrete tiltak, til dømes er ein felles Hyllestad-logo er utarbeidd, kurs er gjennomførte for næringsliv og frivillige lag, og nettstaden hyllestadinfo.no er lansert for å synleggjere lokalsamfunnet og moglegheiter innan arbeid, studium og busetjing.

Gjennom Vekst-fondet har det i tillegg vore gitt støtte til lokale initiativ. På bakgrunn av dette er det fleire lokale tiltak har fått støtte gjennom prosjektet, mellom anna utvikling av Prestegarden som møteplass, vidareutvikling av Sommargry og kvernsteinsmarknaden, og etablering av Hamneparken som nærmiljøanlegg. Tiltaka vart trekte fram som døme på korleis prosjektet har styrka fellesskap, omdøme og attraktive møteplassar.

- *Vi har gjennomført svært mykje, meir enn det er mogleg å gå gjennom her og no. Det er gjennomført ei rekkje tiltak og prosjekt som er nærare omtalt i sluttrapporten på kommunen si heimeside, seier Solheim.*

Solheim peikar samstundes på at prosjektet legg eit godt grunnlag for vidare omstillingsarbeid.

Vidarefører arbeidet gjennom nytt bustadprosjekt

For det vidare arbeidet tilrår rapporten å avgrense talet på utviklingsområde og prioritere tydelegare innsats. Det blir òg peika på behov for auka kapasitet til oppfølging og betre samheng mellom prosjekt og ordinær drift. Særleg blir bustadutvikling, rekruttering og arbeid med flaskehalsar i næringsutvikling løfta fram som viktige satsingar.

Arbeidet blir no ført vidare gjennom prosjektet «Bygg og bu i Hyllestad», med fokus på bustadutvikling, integrering og tilflytting. Prosjektet har fått støtte frå Husbanken til å

utvikle nye samarbeidsformer og prøve ut nye bustadkonsept og verkemiddel. Det er allerede etablert styrings- og prosjektgrupper, og det er henta erfaringar frå andre kommunar. No blir det arbeidd med å etablere eigne arbeidsgrupper.

Arlen Solheim har gjennom arbeidet i Vekst-prosjektet òg vore ein sentral ressurs i oppstarten av bustadprosjektet.

– Eg kan gledeleg melde at bustadprosjektet er starta opp. Prosjektplanen er klar, og gruppene er på plass. Erfaringsdelinga har vore open og nyttig, seier prosjektleiar Arlen Solheim.

Takkar for innsatsen

Etter fleire år i rolla takkar Solheim no for seg.

- *Det har vore svært givande, og eg er stolt av det vi har fått til, ikkje minst identitetsarbeidet for Hyllestad-samfunnet, seier ho.*

Kommunedirektør Gjermund Flage og ordførar Kjell Eide rosar arbeidet som er lagt ned, og peikar på at prosjektet har lagt eit viktig grunnlag for vidare utvikling.

- *Arlen har gjort ein solid jobb, og vi har hatt stor nytte av arbeidet i kommunen. Samstundes er omstilling noko vi aldri blir ferdig med og vi må halde fram med å utvikle kompetanse til å gjennomføre endringsprosessar. Omstillingskompetanse og evne til omstilling er viktig, både i næringslivet generelt og i kommunale tenester, seier Flage.*

Ordførar Kjell Eide støttar vurderingane, og peikar på bustadprosjektet som eit viktig neste steg.

- *Prosjektet har vore ein nødvendig prosess som har løyst fleire av utfordringane vi stod i. No går vi vidare til eit arbeid som skal bidra til å utvikle samfunnet vidare. Vi tek tak i heilskapen i det arbeidet vi går inn i no, seier ordføraren.*

[Les sluttrapporten her \[Lenke til sluttrapport\].](#)